



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 29.04.2014
Møtetid: 09:00 - 14.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 2 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Gunnar Bruvik (Frp) Roy Vegar Hope (H)	Karl Kolbotn (Frp) Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådmann Våge, Økonomisjef Erdal og stabsjef Boge i sak 18/14 og 26-27/14

Møteleiar:	Ordførar Marit Aase
Møtesekretær:	Ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Birthe Skar-Moum (Ap) var ugild i sak 27/14, jmf FVL §6

Orienteringar/meldingar:	Rådmannen – orienterte om samlokalisering av bufellesskap. Behov for utvide lokale på Skottabakken med modul/tilbygg. Sak om senter for funksjonshemma kjem til kommunestyret i juni.
Utvalet sitt kvarter:	Ragnfrid Olsnes stilte følgjande spørsmål: 1. Skulemusikken har fått tilbod om tilskot for å delta på arrangement i Bergen 17 mai. Kan kommunen gje dei tilsvarande tilskot slik at musikken deltek på arrangement i kommunen ? Ordføraren orienterte og at det vert søkt kulturmidlar. 2. Storleiken på kommunen sitt høgtalaranlegg og bruk av dette ute på 17 mai ? Ordførar orienterte om at anlegg var noko lite og at kommunen burde investere i eit større.
Dokument utlevert i møtet:	Ingen

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 07.05.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
013/14	14/346	Faste saker	
014/14	13/846	Årsmelding 2013	
015/14	13/722	Kommunerekneskap 2013	
016/14	12/475	Tilleggsøyvingar - budsjettendringar 2014	
017/14	11/420	Utleige av kommunale bygg - revisjon nytt utleigeleigeobjekt	
018/14	11/573	Betalingsoppmoding/varsel om rettsleg inndrivning	
019/14	09/654	Søknad frå Norsk Bane a.s om tilskot	
020/14	14/317	Søknad om fri tilkopling til kommunal vassforsyning gbnr 18/13	
021/14	14/334	Eigedomsskatt 2015, val av metode for utskrivning av eigedomsskatt på bustadhus.	
022/14	14/334	Eigedomsskatt - sakkunnig nemnd	
023/14	12/722	Eigedomsskatt - nye vedtekter for sakkunnig nemnd	
024/14	10/384	Kommunesamarbeid om lovfesta krisesentertilbod. Godkjenning av samarbeidsavtale, kommunelova § 28 med Bergen kommune som vertskommune	
025/14	12/391	Delegering av mynde etter Lov om barneverntjenester	KL §13
026/14	13/220	Varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørande belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet	KL§3, FVL§3
027/14	12/416	Søknad om permisjon i samband med deltaking på Arbeiderpartiet sitt leiarkurs for kvinner	FVL §6

SAKNR. 013/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 2. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke. Utvalet sitt kvarter: Ragnfrid Olsnes stilte følgjande spørsmål:

1. Skulemusikken har fått tilbod om tilskot for å delta på arrangement i Bergen 17 mai. Kan kommunen gje dei tilsvarande tilskot slik at musikken deltek på arrangement i kommunen ? Ordføraren orienterte og at det vert søkt kulturmidla.
2. Storleiken på kommunen sitt høgtalaranlegg og bruk av dette ute på 17 mai? Ordførar orienterte om at anlegg var noko lite og at kommunen burde investere i eit større.

FORM-013/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 014/14
ÅRSMELDING 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2013 vert teken til etterretning

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

FORM-014/14 VEDTAK:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2013 vert teken til etterretning.

SAKNR. 015/14
KOMMUNEREKNESKAP 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskapa for Samnanger kommune for 2013 vert godkjend slik han ligg føre.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-015/14 VEDTAK:

Rekneskapen for Samnanger kommune for 2013 vert godkjend slik han ligg føre.

SAKNR. 016/14

TILLEGGSLØYVINGAR - BUDSJETTENDRINGAR 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune for 2014 er vanskeleg. Rådmannen må til kommunestyret sitt møte i juni 2014 leggja fram framlegg til budsjettendringar som inneber at budsjettet er i balanse. Rådmannen får fullmakt til å iverksetja tiltak for å bremsa utgiftene.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-016/14 VEDTAK:

Den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune for 2014 er vanskeleg. Rådmannen må til kommunestyret sitt møte i juni 2014 leggja fram framlegg til budsjettendringar som inneber at budsjettet er i balanse. Rådmannen får fullmakt til å iverksetja tiltak for å bremsa utgiftene.

SAKNR. 017/14

UTLEIGE AV KOMMUNALE BYGG - REVISJON NYTT UTLEGELEIGEOBJEKT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utleige av fellesrom og kjøkken ved Samnanger barneskule vert innarbeid i retningsliner for utleige av kommunale bygg. Følgjande prisar for utleige vert innarbeidd i takst hefte for Samnanger kommune;

Prisar for utleige eksklusiv vask	
Fellesrom nybygg	kr. 1.400
Fellesrom og kjøkken nybygg	kr. 2.000
Kjøkken nybygg	kr. 600

Prisar inkl. vask	
Fellesrom nybygg	kr. 1.831 (1.400 + 431)
Fellesrom og kjøkken nybygg	kr. 2.856 (2.000 + 856)
Kjøkken nybygg	kr. 1.031 (600 + 431)

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigt Olav Gåsdaal (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg: ” I retningsliner for utleige av kommunale bygg skal det føyast til i pkt 5, felles for leigetakarane:

Ansvarleg leigetakar skal gjera seg kjent med og kunna bruka brannmeldeanlegg i dei respektive bygga.”

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke. Tilleggsframlegget frå Gåsadal vart samrøystes vedteke.

FORM-017/14 VEDTAK:

Utleige av fellesrom og kjøkken ved Samnanger barneskule vert innarbeid i retningsliner for utleige av kommunale bygg. Følgjande prisar for utleige vert innarbeidd i takst hefte for Samnanger kommune;

Prisar for utleige eksklusiv vask	
Fellesrom nybygg	kr. 1.400
Fellesrom og kjøkken nybygg	kr. 2.000
Kjøkken nybygg	kr. 600

Prisar inkl. vask	
Fellesrom nybygg	kr. 1.831 (1.400 + 431)
Fellesrom og kjøkken nybygg	kr. 2.856 (2.000 + 856)
Kjøkken nybygg	kr. 1.031 (600 + 431)

I retningsliner for utleige av kommunale bygg skal det føyast til i pkt 5, felles for leigetakarane: Ansvarleg leigetakar skal gjera seg kjent med og kunna bruka brannmeldeanlegg i dei respektive bygga.

SAKNR. 018/14

BETALINGSOPPMODING/VARSEL OM RETTSLEG INNDRIVING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak (til formannskapsmøtet 29.04.2014):

Formannskapet kan ikkje ta stilling til Solbjørg Drift AS sitt krav om betaling av faktura 0310-2012. Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke denne fakturaen.

Jon Magne Bogevik får utbetalt 33.000 kroner i tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på møte i perioden januar 2010 – juni 2012. Denne utbetalinga relaterer seg til krav sett fram i faktura 0404-2012 og 0106-2012 frå Solbjørg Drift AS. Ytterlegare utbetaling kan vurderast dersom Jon Magne Bogevik leverer dokumentasjon på inntektstap på meir enn 33.000 kroner i samband med deltaking på politiske møte i perioden januar 2010 – juni 2012.

Kravet frå Solbjørg Drift AS om betaling av forfallsrenter på 9.648 kroner vert ikkje imøtekome.

Formannskapet opprettheld vedtaket sitt av 19.12.2013 i sak 056/13 om at Jon Magne Bogevik får utbetalt 25.000 kroner i tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på møte i perioden oktober 2012 – juni 2013.

Heimel for vedtaket er Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde jf. kommuneloven § 41.2.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak (til formannskapsmøtet 19.12.2014):

Betalingsoppfordringar/varsel om rettsleg inndrivning frå Solbjørg Drift A/S vert oversendt til kommuneadvokaten for vurdering.

12.02.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-012/14 VEDTAK:

Betalingsoppfordringar/varsel om rettsleg inndrivning frå Solbjørg Drift A/S vert oversendt til kommuneadvokaten for vurdering.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-018/14 VEDTAK:

Formannskapet kan ikkje ta stilling til Solbjørg Drift AS sitt krav om betaling av faktura 0310-2012. Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke denne fakturaen.

Jon Magne Bøgevik får utbetalt 33.000 kroner i tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på møte i perioden januar 2010 – juni 2012. Denne utbetalinga relaterer seg til krav sett fram i faktura 0404-2012 og 0106-2012 frå Solbjørg Drift AS. Ytterlegare utbetaling kan vurderast dersom Jon Magne Bøgevik leverer dokumentasjon på inntektstap på meir enn 33.000 kroner i samband med deltaking på politiske møte i perioden januar 2010 – juni 2012.

Kravet frå Solbjørg Drift AS om betaling av forfallsrenter på 9.648 kroner vert ikkje imøtekome.

Formannskapet opprettheld vedtaket sitt av 19.12.2013 i sak 056/13 om at Jon Magne Bøgevik får utbetalt 25.000 kroner i tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på møte i perioden oktober 2012 – juni 2013.

Heimel for vedtaket er Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde jf. kommuneloven § 41.2.

SAKNR. 019/14

SØKNAD FRÅ NORSK BANE A.S OM TILSKOT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune finn ikkje å prioritera arbeidet til Norsk Bane med vidare midlar. Søknaden vert ikkje imøtekomen.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigte Olav Gåsdaal (Ap) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger

kommune ser særst positivt på arbeidet som Norsk Bane driv med arbeidet for høgfartsbane over Haukeli. Samnanger løyver kr 15000 til arbeidet for 2014.

Pengane vert løyvd frå næringsfondet. ”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Gåsdaal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-019/14 VEDTAK:

Samnanger kommune ser særst positivt på arbeidet som Norsk Bane driv med arbeidet for høgfartsbane over Haukeli. Samnanger løyver kr 15000 til arbeidet for 2014.

Pengane vert løyvd frå næringsfondet.

SAKNR. 020/14

SØKNAD OM FRI TILKOPLING TIL KOMMUNAL VASSFORSYNING GBNR 18/13

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune legg vekt på å likebehandla innbyggjarane. Sidan det ikkje ligg føre særlege grunnar til å avvika tidlegare praksis, vert ikkje søknaden om fri tilkopling for gbnr 13/18 til offentleg vassforsyning imøtekomen.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-020/14 VEDTAK:

Samnanger kommune legg vekt på å likebehandla innbyggjarane. Sidan det ikkje ligg føre særlege grunnar til å avvika tidlegare praksis, vert ikkje søknaden om fri tilkopling for gbnr 13/18 til offentleg vassforsyning imøtekomen.

SAKNR. 021/14

EIGEDOMSSKATT 2015, VAL AV METODE FOR UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT PÅ BUSTADHUS.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre har i sak 64/2013 gjort vedtak om å utvida utskriving av eigedomsskatt til å gjelda alle faste eigedommar i kommunen. Når det gjeld bustadhus vel kommunen å bruka formuesgrunnlaget som utgangspunkt for utskriving av eigedomsskatt jfr eigedomsskattelova §8-c.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-021/14 VEDTAK:

Samnanger kommunestyre har i sak 64/2013 gjort vedtak om å utvida utskriving av eigedomsskatt til å gjelda alle faste eigedommar i kommunen. Når det gjeld bustadhus vel kommunen å bruka formuesgrunnlaget som utgangspunkt for utskriving av eigedomsskatt jfr eigedomsskattelova §8-c.

SAKNR. 022/14

EIGEDOMSSKATT - SAKKUNNIG NEMND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det blir valt ei sakkunnig nemnd som erstattar skattetakstnemnda. Den sakkunnige nemnda består

av :	Ove Sandvik	leiar
	Kjell Roar Nordvik	nestleiar
	Hjørdis Klyve Thieme	medlem
	Erling Skar	varamedlem
	Ole Totland	varamedlem
	Jorunn Mo Nilsen	varamedlem

Valperioden følgjer kommunestyreperioden.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-022/14 VEDTAK:

Det blir valt ei sakkunnig nemnd som erstattar skattetakstnemnda. Den sakkunnige nemnda

består av :	Ove Sandvik	leiar
	Kjell Roar Nordvik	nestleiar
	Hjørdis Klyve Thieme	medlem
	Erling Skar	varamedlem
	Ole Totland	varamedlem
	Jorunn Mo Nilsen	varamedlem

Valperioden følgjer kommunestyreperioden.

SAKNR. 023/14

EIGEDOMSSKATT - NYE VEDTEKTER FOR SAKKUNNIG NEMND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegget til nye eigedomsskattevedtekter vert vedteke slik det ligg føre. Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattetakstvedtektene som vart vedtekne 20.06.2013 og vil gjelda frå 01.06.2014.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-023/14 VEDTAK:

Framlegget til nye eigedomsskattevedtekter vert vedteke slik det ligg føre. Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattetakstvedtektene som vart vedtekne 20.06.2013 og vil gjelda frå 01.06.2014.

SAKNR. 024/14**KOMMUNESAMARBEID OM LOVFESTA KRISESENTERTILBOD. GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE, KOMMUNELOVA § 28 MED BERGEN KOMMUNE SOM VERTSKOMMUNE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til ny samarbeidsavtale om kommunale krisesentertilbud med Bergen kommune som vertskommune vert godkjend slik han ligg føre.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM-024/14 VEDTAK:

Framlegg til ny samarbeidsavtale om kommunale krisesentertilbud med Bergen kommune som vertskommune vert godkjend slik han ligg føre.

SAKNR. 025/14**DELEGERING AV MYNDE ETTER LOV OM BARNEVERNTJENESTER****RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmann Tone Ramsli får delegert mynde frå kommunestyret i Samnanger etter heile Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100 med seinare endringar. Dette gjeld også akuttvedtaksmynde etter same lov §§ 4-6, 4-9 jfr 4-8, 4-25, jfr § 2-1. Delegasjonen gjeld med verknad frå 01.05.2014 og inntil kommunestyret vedtek ei anna løysing.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sette fram følgjande tillegg til si tilråding: ” Formannskapet gjer vedtak for perioden 1.05-7.05.2014 i påvente av kommunestyret si handsaming. Dette vedtaket vert gjort med heimel i KL § 13.”

Rådmannen si tilråding med tillegg var samrøystes vedteke.

FORM-025/14 VEDTAK:

Rådmann Tone Ramsli får delegert mynde frå kommunestyret i Samnanger etter heile Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100 med seinare endringar. Dette gjeld også akuttvedtaksmynde etter same lov §§ 4-6, 4-9 jfr 4-8, 4-25, jfr § 2-1. Delegasjonen gjeld med verknad frå 01.05.2014 og inntil kommunestyret vedtek ei anna løysing.

Formannskapet gjer vedtak for perioden 1.05-7.05.2014 i påvente av kommunestyret si handsaming. Dette vedtaket vert gjort med heimel i KL § 13.

SAKNR. 026/14**VARSEL FRÅ ARBEIDSTILSYNET OM PÅLEGG VEDRØRANDE BELASTNINGAR FOR TILSETTE I SAMBAND MED STRIDEN RUNDT BARNEVERNET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Møtet var lukka, jfr KL § 31 med heimel i FVL 13.

Sakshandsamar Jan Erik Boge var tilstades under handsaming av saka.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ” Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet. ”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-026/14 VEDTAK:

Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

SAKNR. 027/14**SØKNAD OM PERMISJON I SAMBAND MED DELTAKING PÅ ARBEIDERPARTIET SITT LEIARKURS FOR KVINNER****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Birthe Skar-Moum (Ap) og Brigte Olav Gåsdal (Ap) bad om å få vurdert sin habilitet, og gjekk ifrå.

Utvalet vurderte Gåsdal som habil i saka og han tok del i handsaminga. Utvalet vurderte Skar-

Moum som inhabil under handsaminga. Det var ikkje kalla inn vararepresentant for Skar-Moum.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigte Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ”Birthe

Skar-Moum får permisjon med løn før gjennomføring av leiarutviklingskurs, jfr. Søknad.”

Framlegget til Gåsdal vart samrøystes vedteke.

FORM-027/14 VEDTAK:

Birthe Skar-Moum får permisjon med løn før gjennomføring av leiarutviklingskurs, jfr.

Søknad.

